

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Marte Hammer (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag (1):

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet meiner at hovudutfordringa er at strandsona i for stor grad byggast ned, særleg gjennom dispensasjonar utan heilskapsvurdering - ikkje manglande utviklingsmoglegheiter. Fylkesutvalet meiner planretningslinjene må legge opp til å betre forholda i sone 1, at det ikkje er fagleg grunnlag for eller behov for gjere det lettare å bygge i sone 2 og 3, og at utbygging i strandsona som hovudregel må skje etter grundige planprosessar. Behov for kartlegging av strandsona bør tydeleggjerast som grunnlag for kunnskapsbasert planlegging og forvaltning.
2. Til retningslinjer for sone 2 og 3, så meiner fylkesutvalet det er nødvendig at det for begge soner vert fastslått innleiingsvis at byggeforbodet i 100- metersbeltet langs sjøen gjelder.
3. Fylkesutvalet meiner at ein del av dei omkringliggjande kommunane til Bergen som er hyttekommunar og som opplever stort press på strandsona bør flyttast frå sone 3 til sone 2. Dette gjeld Austevoll, Tysnes og Radøy, slik at dei vert same sone som Lindås og Meland.

Marte Hammer (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag (2):

«Tillegg:

Fylkesutvalet meiner at Bergen kommune bør flyttast til sone 1, presset på strandsona er like stort i Bergen som i Oslofjorden.»

Noralv Distad (H) sette på vegner av SV og H, Frp, Sp, V og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tillegg punkt 1: Det er positivt at den lokale handlefridomen vert styrka. Alle kommunar må ha reelt høve til å leggja til rette for bustader, næring og sentrumsutvikling.

Pkt 4: stryk siste setning (Fylkesutvalet meiner likevel.....)

Nytt punkt 5: Delar av Øygarden kommune er ikkje pressområde og må liggja i sone 3.»

Alfred Bjørlo (V) sette på vegner av V, Frp, H, SV og KrF slikt forslag:

«Alternativ:

Pkt 3. fylkeskommune kan ikkje sjå at det er gjort større substansielle endringar i retningslinjene for sone 3, som omfattar store deler av kysten i Vestland utanfor Bergensområdet.

Vestland fylkeskommune meiner kommunane i Sone 3 må få større moglegheit til å vurdere saker på bakgrunn av lokalkunnskap. I samband med utarbeiding av overordna planar (kommuneplan/delplan og områdeplanar) må kommunane i Sone 3 få fridom til å gjere lokalpolitiske vurderingar, der det ikkje ligg føre konkrete nasjonale interesser. Slike lokale vurderingar må vere basert på vurdering av ulike samfunnsinteresser, t.d. utvikling av attraktive arealer for bustad, næring og hytter, opp mot behovet for vern av natur, friluftslivinteresser og ålmenta sine interesser.

Vestland fylkeskommune meiner også at det må bli lettare å få til bruksendring av eksisterande naust og sjøbuer, då dette i dei aller fleste tilfelle er einaste måten å bevare slike bygg på. Dette vil gjere det lettare å ta vare på desse bygga og kystkulturen.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag (1) fekk 2 røystar (SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 fekk 15 røystar mot 2 røystar (SV, MDG) og vart vedteke.

Hammer sitt forslag (2) fekk 8 røystar (A, FNB, SV, MDG, V) mot 9 røystar og fall.

Distad sitt forslag fekk 12 røystar mot 5 røystar (3A, SV, MDG) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 fekk 14 røystar mot 3 røystar (SV, MDG, KrF) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 fekk 4 røystar (A) mot 13 røystar (SV og fall.

Bjørlo sitt forslag fekk 11 røystar mot 6 røystar (A, SV, MDG) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 fekk 15 røystar mot 2 røystar (SV, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at dei statlege planretningslinjene for strandsona er forenkla slik at dei vert eit betre verkemiddel for planlegging og forvaltning av strandsona. Det er positivt at retningslinjene vektlegg heilskapleg planlegging som sentralt reiskap. Det er positivt at den lokale handlefridomen vert styrka. Alle kommunar må ha reelt høve til å leggja til rette for bustader, næring og sentrumsutvikling.

2. Fylkesutvalet meiner at strandsoneverdiane natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser er godt ivaretatt i retningslinjene, både i høve til vurdering av ny utbygging gjennom planlegging og for bevaring og utvikling av allmenne verdiar. Behov for kartlegging av strandsona bør tydeleggjerast som grunnlag for kunnskapsbasert planlegging og forvaltning.

3. fylkeskommune kan ikkje sjå at det er gjort større substansielle endringar i retningslinjene for sone 3, som omfattar store deler av kysten i Vestland utanfor Bergens-området.

Vestland fylkeskommune meiner kommunane i Sone 3 må få større moglegheit til å vurdere saker på bakgrunn av lokalkunnskap. I samband med utarbeiding av overordna planar (kommuneplan/delplan og områdeplanar) må kommunane i Sone 3 få fridom til å gjere lokalpolitiske vurderingar, der det ikkje ligg føre konkrete nasjonale interesser. Slike lokale vurderingar må vere basert på vurdering av ulike samfunnsinteresser, t.d. utvikling av attraktive arealar for bustad, næring og hytter, opp mot behovet for vern av natur, friluftslivinteresser og ålmenta sine interesser.

Vestland fylkeskommune meiner også at det må bli lettare å få til bruksendring av eksisterande naust og sjøbuer, då dette i dei aller fleste tilfelle er einaste måten å bevare slike bygg på. Dette vil gjere det lettare å ta vare på desse bygga og kystkulturen

4. Retningslinjene opnar for at strandsona i byar og tettstader kan utviklast ved å vektleggje behov for fortetting og sentrumsutvikling. Dette er i samsvar med regionale planar i Vestland.

5. Delar av Øygarden kommune er ikkje pressområde og må liggja i sone 3